




# Brattvåg Rotaryklubb

## Medlemsbrev nr 3, 2019/2020

### februar, mars og april,

### President Harald Gudbrandsen



**Redaksjon:** Arne Vågnes, Bente Bruun, Torstein Slyngstadli, Bjørn Haukås, Sigrid Eidsvik, Rolv Rørhus, Lidvar Sunde, Sindre Vik

#### Møte 04. feb. 2020

##### Fritt møte

Nok eit triveleg møte i klubben med sosialt samvær. Praten gjekk livleg rundt borda. Nokre klubbsaker vart også lufta i plenum.

#### Møte 11. feb. 2020

##### Eva Joly (ID-huset)

##### Er det en slik verden vi vil ha?



Eva Joly er kjent og har vore mykje på Sunnmøre fordi søstera budde på Skodje i mange år.

Om sin eigen bakgrunn nemnde ho at ho var dommar i ØK-saker i Frankrike, og Norad-etterforskar i slike saker i tida 2002-2009. Ho var rådgjevar

for myndighetene på Island under bank-krisen der i 2008. Ho har også vore i Kabul, Afghanistan. Og ho sat i Europa-parlamentet i to periodar, til saman 10 år.

Ho stilte så dette spørsmålet: Kva er korruption?

Historisk er Martin Luther sitt opprør mot den katolske kyrkja sitt pengemisbruk, som låg til grunn for reformasjonen, av dei første døma ho peika på. Det nyaste er Isabella Santos frå Angola, som har oppretta 400 skatteparadisfirma for å gøyme vekk underslegne offentlege midlar. For å klare det har ho hatt hjelp av store internasjonale finansinstitusjonar.

Ho tok så for seg ulike saker frå Spania og Portugal. Felles for dei fleste slike saker er at det ikkje lukkast å få tiltale dei skuldige for å få dei dømt. Men på Island bestemte myndighetene å ettergå tre bankar for å få klargjort det som hadde skjedd i åra før 2008. Sjefane er no dømt. Ho peika på Dubai som landet det er lettast «å gøyme svarte pengar».

Ho kom så inn på omgrepet

«miljøkorruption» særleg i Brasil. Brannane i fjar var ikkje tilfeldige meinte ho. I etterkant vert det planta soyapalmer og starta kvegdrift. Store internasjonale selskap står bak. Klima og miljø er den største oppgåva verda står over for i dag.

Elektronisk overvaking er i dag meir omfattande enn vi tenker over i det daglege. USA er tungt inne gjennom CIA og FBI. Russland og Kina er også svært aktive. Teknologien gjer dette lettare, og kombinert med stadig meir bruk av kunstig intelligens, kan dette vere med på å manipulere frie val.


TS

#### Møte 18. feb. 2020

##### Pensjonistfest på Helland grenadhushus.

I år som i fjar, var festen på Helland grenadhus. President Harald ønskte alle vel møtt, og nemnde særleg dei som var komne for å underhalde, mellom dei Ole M. Ellefsen. Han fortalte så litt om det Rotary står for og arbeider med. Han orienterte så kort om programmet for kvelden.

Det var elevar frå musikkskulen som innleia programmet med tre ulike innslag.



Fine innslag av elevar frå musikkkulen: Øvst viser ein ung pianist, Sirhild Flem Dalhaug, kva ho har lært.

Nederst ser vi far og son (så vidt) Engstrøm som spelar blues.

Ole M. Ellefsen starta foredraget sitt med å ønskje alle velkomne som ålesundarar. Han nemnde også Lunden-slekta si frå Helland.



Ole Ellefsen i kjend stil

Hovudtemaet for foredraget var: Kystkulturen.

Kystkulturen er eit samleomgrep for livet langs kysten, som oftaast slik det var før. Bylivet er også ein del av kystkulturen.

Livet til fiskarbonden og bondekona, er uløyseleg knytt til kystkulturen. For når karfolket var på sjøen, fall ansvaret for born, gard og dyr på kona. Ole viste bilete frå ulike stader på kysten, m.a. frå Finnøya. Forlis og brå død var dessverre ein del av livet langs kysten, og han kom inn på fleire dramatiske hendingar. Til slutt var han innom kva bykulturen er, og las opp ein eigen humoristisk tekst om «bone i byen». Han definerte seg, og oss alle nye ålesunderar, som «by-bonar».

Programmet vart avslutta med flott og svingande musikk av «Trioen» med Anita Rødahl, Ivar Holsvik og Øyvind Lervåg.



Øyvind Lervåg på gitar, Ivar Holsvik på tangentar og Anita Korsnes på vokal

Så var det mat og loddsal. Og det viste seg at vi løyvde kaker i år også. Det har kome inn mange flotte gevinstar i år også. Så trekninga vart eit avsluttande høgdepunkt for dei mange frammøtte.

TS

#### Møte 25. feb. 2020

##### Fritt møte

Pres. Harald ønskte vel møtt og takka for fin innsats på pensjonistfesten sist tysdag. Første temaet på møtet var planlegging av årsfesten. Det låg føre to meny-forslag til avkryssing på deltakarlista som blei sendt rundt. Styret og kam.komiteen tek eit møte for å bestemme program og songar.

Ein gjekk så over til vurdering av pensjonistfesten. Presidenten tok opp at det er litt uklart kven som står for arrangementet. Til neste år må ein ha nokre tiltak på plass:

1. Ein må ha klar melding om kven som kan levere kaker/ikkje kan.
2. Ein må ha påmelding også frå rotarianarar.

Elles var det mest positive tilbakemeldingar og ros for god underhaldning. Det var lett å få gevinstar til lotteriet og alle lodd vart selde.

Arne Tande fekk så ordet. Han hadde med seg mulige løysingar for gapahukar ved Synnalandsvatnet.

Endre Sandnes avslutta møtet med å lese opp ein humoristisk og velskriven artikkel frå Synste Møre.

TS

#### Møte 6. mars 2020

##### Årsfest

Årsfesten 2020 vart halde fredag 6. mars kl 19.00 på Brattvåg Fjordhotell med stor oppslutnad. Festen byrja med ein forfriskande aperitiff før president Harald ønskete alle, gjester og medlemmar, velkomne. Han var glad for at så mange hadde trossa åtvaringane mor Coronaviruset. I staden formulerte han eit alternativt helseråd: ein god fest med gode vene forlenger livet! Så fekk vi høyre eit par gode ord om Brattvåg rotaryklubb før vi song kongesongen på tradisjonelt vis.



President Harald, hans betre halvdel Ingrunn, Anne Marit, Svein, Brit og Jonny

Så gav president Harald ordet til Cathrine som skulle leie festen vidare. Ho orienterte om programinnslag og meny. Menyen var ein trerettars middag med utvald drikke:


- Forrett: Krema skal-dyrsuppe med ein god kvitvin til (Petit Chablis)
- Hovudrett: Gratinert klippfisk med tilhøyrande raudvin (Valpollicella Ripasso)
- Dessert: Sitronterte med kaffe og cognac

Maten vart raskt og effektivt servert, og festlyden hygga seg og let vel over maten.



*Hovudretten Gratinert klippfisk såg god ut og smakte godt!*

Etter hovudretten presenterte Cathrine ein dyktig gitarist frå Haram kulturskule, Chris (som eigentleg har eit langt og vanskeleg austeuropéisk namn). Han imponerte først med ein spansk melodi og etterpå med den kjende Autumn Leaves. Som eit ekstranummer slo han til med Freight Train (Chet Atkins).



*Gitaristen Chris frå Haram kulturskule imponerte oss med fleire fine melodiar. Her takkar han audmjukt for velfortent applaus.*

Så følgte dessert og kaffe avec. President Harald fekk igjen ordet og kunne by på vitsar og skrøner til ein festlyd i godlune.

Sindre V hadde fått oppdrag å halde ein tale for damene. Han var vel førebudd og framførte muntre og tankevekkjande dikt av Andre Bjercke: «Kjerringa mot strømmen», «En handelsreisedes liv» og «Brannmannen og elefanten».

Ein hyggeleg kveld gjekk mot slutten og det var tid for takking: Kjøkkenpersonalet fekk fortent hyllest, Bjørn J heldt «takk for maten»-talen, Erna J takka for invitasjonen på vegne av Inner Wheel og president Harald og festleiar Cathrine hadde også eit par velvalde ord til avrunding.

AV

K  
O  
R  
O  
N  
A

EIN PANDEMI SOM  
STOPPA OSS.

NESTE MØTE  
ULART...